

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Mellombels kulturminnefagleg fråsegn - Rår i frå bygging av landbruksveg - Varsel om arkeologisk registrering – gnr. 58, bnr. 7 - Lygren indre - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 21.10.20 vedrørende bygging av landbruksveg på Lygre Indre, gnr. 58, bnr. 7 i Alver kommune. I vårt brev datert 09.11.20 meldte vi at det var trong for å gjere ei synfaring i saka. Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjorde ei synfaring på staden 21.12.20

Omfang av søkte landbruksveg

Landbruksvegen er vist som ei rett linje plassert sentralt på gardens innmark, vegen er omsøkt i vegklasse 8 og med ei lengde på 230m. Innsende situasjonsplan viser ikkje naudsynt fyllingsfot eller målsett bredde. Vi minner om at vegklasse 8 skal etablerast med stadeigne massar. Det skal leggjast vekt på å gi vegen eit harmonisk og roleg preg, slik at anlegget blir tilpassa terrenget og omgivnadene så godt som mogleg.

Så langt vi kan sjå viser situasjonen på staden at det vil vere naudsynt med ein omfattande fyllingsfot langs store delar av vegtraseen. Vi har vurdert det slik på bakgrunnen av den tidlegare etablerte vegen som ligg i innmarka (sjå figur 1 og 2), sitt omfang og hellinga i terrenget der ny veg skal gå.



Figur 1. Etablert veg. Foto sett mot nord-aust



Figur 2. Omfang av etablerte veg, omsøkte veg skal etablerast i forlenging av denne og på marka i forkant. Foto sett mot vest.

Arkeologisk registrering

Det er frå før kjent eit automatisk freda kulturminne nær den planlagde traséen, ein gravhaug med Askeladden id. 45456. I tillegg ligg Lygra kyrkjestad og eit anna gravminne (Askeladden id 45455) i nærområdet. Dei indikerer at det er potensiale for å gjere funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i området. Dette kan til dømes vere førhistoriske graver med eller utan overflatemarkering, busetnadsspor, dyrkingsspor, eller anna.

Etter ei vurdering av terreng- og undergrunnstilhøve på staden, er det naudsynt å gjere ei arkeologisk registrering for å avklare om det finst bevarte førhistoriske strukturar i grunnen i og ved den omsøkte vegtraséen. Arkeologisk registrering er heimla i §§ 3 og 11 i kulturminnelova. Registreringa vil føregå som maskinell flateavdekking, kor gravemaskin fjernar matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. Arbeidsomfanget i felt er estimert til 2-3 arbeidsdagar.

Etter feltarbeidet blir resultatane frå registreringa systematisert og samanfatta i ein rapport. Søkjar kan få tilsend rapporten i etterkant dersom det er ønskeleg.

Dette er eit mindre privat tiltak, og difor dekker Vestland fylkeskommune kostnadene ved den arkeologiske registreringa.

Arbeidet vil verta gjort så raskt som råd, og etter nærare avtale med søkjar. Vi ber om at grunneigar/paktar blir informert.

Nyare tids kulturminne

Landbrukseigedommen ligg innafor KULA området Den indre farleia (Askeladden-ID K416), som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

I Kommuneplanen sin arealdel 2019 - 2013 vedtok Lindås kommune hausten 2019 retningslinjer for omsynssone kulturmiljø H570 Den indre farleia. Her skal det mellom anna takast omsyn til små og store landskapsrom som pregar det langstrakte landskapet med landtunger og øyer.

Lygra ligg sentralt i Den indre farleia, og området sine kvalitetar er ein viktig grunn til at Den indre farleia fekk status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Desse kvalitetane gjer at ein må vise varsemnd og ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i kulturlandskapet på Lygra.

Innmarka på Lygren Indre er ein del av kulturlandskapet, og ein del av dei interessene og verdiane som skal ivaretakast innanfor omsynssona. Etablering av omsøkte landbruksveg sentralt på innmarka, vil ha ein dominerande effekt, bryte heilskapen og dele opp marka på ein uheldig måte, i dette området.

Ein godkjenning av vegen vil òg kunne føre til ein uheldig presedens innafor eit område som har høg kulturhistorisk verdi.

Konklusjon

Vi saknar ei god utgreiing for kvifor vegen skal etablerast med ei slik plassering og eit slikt omfang, sett i samband med landbruks- og kulturminneinteressene i området.

Vestland fylkeskommune kan ikkje gje endeleg fråsegn i saka før den arkeologiske registreringa er ferdigstilt og tilhøva til automatisk freda kulturminne i området er avklart. Vi ber Alver kommune avvente positivt vedtak i saka til arkeologisk registrering er gjennomført, og tilhøvet til eventuelle automatisk freda kulturminne er avklart. Vi skal gi tilbakemelding når vi har eit meir konkret tidspunkt for undersøkinga.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I
VESTLAND

Njøsavegen 2